



Tore Mackay med praktfisker på 5,5 kilo som han tok i Uskedalselva tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tore Mackay (31) frå Uskedalen/Bergen fekk tysdag ettermiddag ein villaks på 5,5 kilo nedanfor Feet i Uskedalselva. Fisker var eit prakteksemplar og 88 centimeter lang. Dermed ligg Tore på tredje plass på fangst-statistikken i år - hvis det hadde vore ein knytt ein konkurranse til fisket i elva .

Først ligg framleis bergensaren Leif Magne Jordal som tok ein laks på 10,22 kilo. Deretter kjem Uskedalsel-

veteranen Arne Terje Haugland som har 6,2 kilo som bestenotering førebels denne sesongen.

- Og kvifor ikkje arrangera ein slik konkurranse neste år? Den vil stimulera interessa for å fiska i denne fine elva, som no er i ferd med å verta ei lakse-elv, seier Tore.

Han må minst reknast som halv-profesjonell laksefiskar. Så langt i år har han fiska laks i tilsaman 20 døgn fordelt på Lærdalselva, Aurlandselva, Karasjokka og Uskedalselva. Han arbeider ved Fluefiskesenteret i Bergen når han ikkje studerer IT. At han alltid fiskar berre med fluge er sjølvstyk!

Fordi han veit det meste om laks er det også grunn til å stola på Tore når han meiner at tysdagens fiskefangst var ein villaks. Han peikar her på fleire typiske ytre kjenneteikn.

Tore har fiska i Uskedalen sidan han var gutunge – mest i fjorden til han var 10 år og seinare også i elva. Men han har ikkje fått spesielt mykje fisk der tidlegare. I farten minnst han ein sjøaure på to kilo. Riktignok fekk han ni laksar på ei helg for tre år sidan, men det var under eit ekstraordinært fiske etter sesongen - av oppdrettsfisk som hadde rømt..

I helga var det ikkje fisk å få i Uskedalselva, men tysdag hadde vannstanden auka såpass at det var mogeleg å frista fisken. Tore hadde også på kroken ein fisk på rundt to kilo i Djuphølen, men mista han.

Femkilosfisken bala han med i 20 minutter før han fekk han på land.

- Kva er årsrekorden din?

- Det er ein laks på 10,3 kilo som eg fekk i Aa-elva i Hyen i Nordfjord. I grunnen har eg hatt ein dårleg sesong ettersom eg har fått berre tre laksar. Eg burde hatt mellom fem og ti hvis eg skulle vore fornøgd.

- Er det nokon spesielle tips du vil gje til elve-eigarlaget hvis dei verkeleg held ein konkurranse neste år?

- Jau, at flugefiskarane får ha ei klasse for seg sjølve!.

Av Ola Matti Mathisen